

Kort fortalt:

Familiar med lågare inntekt enn 533 500 kan søkje redusert foreldrebetaling i barnehage.

Familiar med lågare inntekt enn 548 500,-kan søkje gratis kjernetid for 2-5 åringar

Søknadskjema og regelverk for ordninga finn du på heimesida til Bømlo kommune:

www.bomlo.kommune.no



Bømlo kommune

Leirdalen 1
5430 Bremnes

Telefon: 53423000
E-post: post@bomlo.kommune.no

→ **Reduksjon i foreldrebetaling i barnehage**

 **Bømlo kommune**



→ Rimelegare barnehage for dei som tener minst

Det fins to ordningar der familiar kan søkje om reduksjon i foreldrebetaling

Ordning 1 inneber at ingen familiar skal nytta meir enn 6% av inntekta si til å betala ein barnehageplass. For å kunna søkje må familien si inntekt vera lågare enn 533 500,- per år.

Ordning 2 inneber at 2,3, 4, og 5-åringar kan ha rett til 20 timar gratis kjernetid i barnehagen. Våren 2019 kan føresette med inntekt under 548 500,- søkje om dette for komande barnehageår

Betaling for kost kjem i tillegg til utrekna betaling.

OBS

Ein må søkje på nytt for kvart barnehageår!

Meir informasjon om ordninga kan du finna her:

<https://www.udir.no/>

→ Hushald

Som hushald reknar ein ektefeller, registrerte partnerar, og sambuarar. Som sambuarar reknar ein to ugifte personar over 18 år som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste månadane, eller har felles barn.

Føresette som søkjer må bu på same adresse som barnet (folkeregistrert adresse). Bur barnet fast hjå begge foreldra, vert inntekt berekna etter den forelderen som har same folkeregistrert adresse som barnet.

→ Dokumentasjon på inntekt

Du må dokumentera inntekta til hushaldet. Dette gjer du med å leggja ved kopi av siste års skattemelding. For å søkje reduksjon i foreldrebetaling for barnehageåret 2019—2020 må du vente med å søkje til du har motteke skattemelding for 2018 i April.

Dersom inntekta har endra seg vesentleg frå det som kjem fram av skattemeldinga (t.d. endring i hushaldet, arbeidsløyse o.l), så må ein ha anna relevant dokumentasjon.

Det kan vera:

- Dei tre siste lønsslippene frå arbeidsgjevar
- Vedtak frå NAV om sosialstønad
- Vedtak om gyldig opphaldstillating
- Studentbevis eller stadfesting på studier

→ Feilaktige eller manglande opplysningar kan medføre full pris og ev krav om tilbakebetaling.

Søknadsprosess

Du kan søkje heile året. For nytt barnehageår er det frist innan 25.juni for å få reduksjon for heile barnehageåret.

Vedtak om reduksjon gjeld for månaden etter søknad med rett dokumentasjon er motteke.

Skjema for å søkje finn du på Bømlo kommune sine heimesider:

www.bomlo.kommune.no